

ULLENSVANG KOMMUNE



16.06.2018

Styringsdokument og prosjektplan –
versjon 4.1

Dette dokumentet legg rammene for prosjektarbeidet fram mot etablering av Ullensvang kommune 2020.

Dokumentet er forma som ein prosjektplan og skal gje mål og retning til prosessen. Dokumentet er ikkje uttømande og vil verta oppdatert gjennom prosessen.

INNHALD

1	INNLEIING	3
1.1	RISIKOANALYSE	4
1.2	SUKSESSKRITERIER	4
2	AV NATUR ER ALLE MENNESKER LIKE, MEN I HANDLING ER DE SVÆRT FORSKJELLIGE	5
3	PROSJEKTORGANISERING	5
3.1	MÅL	5
3.2	RAMMER	5
4	ROLLER OG PRINSIPP FOR ORGANISERING	6
4.1	ORGANISASJONSKART	6
4.2	POLITISK PROSJEKTORGANISASJON	7
4.3	PROSJEKTLIING OG ADMINISTRATIV PROSJEKTORGANISASJON	7
4.4	ARBEIDSGRUPPER	8
4.4.1	POLITISKE ARBEIDSGRUPPER	9
4.4.2	KOORDINERTE ARBEIDSGRUPPER	9
4.4.3	ADMINISTRATIVE ARBEIDSGRUPPER.	10
4.5	PLANAR	10
5	PRINSIPP FOR - SAMARBEID, SAMHANDLING OG GEVINSTREALISERING FRAM MOT 2020	11
5.1	SAMARBEID	12
5.2	LEDIGE STILLINGAR	12
5.3	GEVINSTREALISERING	12
6	FASAR, FRAMDRIFT OG AKTIVITETAR	13
6.1	FRAMDRIFTSPLAN	14
6.2	AVGJERDSPUNKT OG MILEPELSPLAN	15
7	PROSJEKTBUJSJETT	16
8	OPPDATERINGSLOGG	17
9	VEDLEGG	18
9.1	FELLESNEMND	18
	MANDAT FOR FELLESNEMDA FOR NYE ULLENSVANG KOMMUNE	18

9.2	DELEGERING	20
9.2.1	DELEGERING TIL FELLESNEMNDA SIN LEIAR	20
9.2.2	DELEGERING TIL PROSJEKTLIAR (MELLOMBELS)	20
9.2.3	RETNINGSLINJER FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE	21
9.3	HOVUDARBEIDSGRUPPER – OVERSIKT OG STRUKTUR	21

ULLENSVANG KOMMUNE

STYRINGSDOKUMENT OG PROSJEKTPLAN – VERSJON 4.1

Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger

1 INNLEIING

Jondal, Odda og Ullensvang utgjer ein felles bu- og arbeidsregion og har samarbeid på fleire område over mange år. Som del av den nasjonale kommunereforma vedtok kommunane i 2016 å slå seg saman frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heita Ullensvang kommune og kommunesenteret skal vera i Odda.

Til grunn for samanslåingsvedtaka ligg intensjonsavtalen som vart vedteken i kommunestyra i 2016. Intensjonsavtalen lyfter fram fylgjande prinsipp for samanslåinga:

Å skapa ein ny kommune skal vera prega av likeverd, vidsyn og forståing av kvarandre sin ståstad.

Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ta inn over seg utfordringane i framtida.

Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.

Dette styringsdokumentet skal gje føringar og retning for arbeidet med kommunesamanslåinga. Dokumentet skal vera eit levande arbeidsdokument som skal justerast og oppdaterast etter kvart som ny informasjon og nye styringssignal ligg føre. Dette styringsdokumentet må lesast i lys av Intensjonsavtalen og skal supplerast med:

- Informasjons-/kommunikasjonsplan
- Omstillingsdokument
- Samla oversikt over arbeidsgruppene med mandat og prosessomtale.
- ROS-analyse for prosjektgjennomføring fram til samanslåing
- DIGITALISERINGSSTRATEGI

Ullensvang kommune vil få om lag 11 500 innbyggjarar og verta ein stor kommune i utstrekning. Kommuneorganisasjonen vil få om lag 1 200 tilsette. Tre kommunar skal avviklast og ein heilt ny kommune skal byggjast.

1.1 RISIKOANALYSE

Det er nå utarbeidd ein overordna risiko- og sårbarheits analyse (ROS-analyse) for prosjektgjennomføringa fram til samanslåinga.

ROS-analysen er ei kvalitativ risikovurdering som bygger på fagleg skjønn og erfaringar. Målsettinga med analysen er å kunna vera "føre var" og kunna setja i verk tiltak for å forhindra at uønska hendingar skjer. I arbeidet med analyse har vi m.a. prøvd å synleggjera:

- Kva uønska hendingar som vil kunne inntreffa
- Vurdere kor stort sannsyn det er for at hendingane kan inntreffa
- Vurdere kor store konsekvensane kan verta om hendingane inntreff

ROS-analysen gjev ei vurdering av sannsyn, konsekvens og moglege tiltak for å redusera risikoen.

1.2 SUKSESSKRITERIER

Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.

Kriterier for å oppnå denne målsettinga gjennom samanslåingsprosessen vil mellom anna vera:

- Gå inn 100%
- Klare planar og framdrift
- Brei medverknad frå folkevalde, tillitsvalde og tilsette
- Jobbgaranti til tilsette
- Informasjon og åpenheit
- Vilje til å nytta ekstra ressursar på å byggja kultur og identitet
- Ting tek tid

2 AV NATUR ER ALLE MENNESKER LIKE, MEN I HANDLING ER DE SVÆRT FORSKJELLIGE

(Konfucius)

Nye Ullensvang kommune vil bestå av 11.500 individ fordelt på 3.261 kvadratkilometer med fjord, by og fjell. Med 2 nasjonalparkar og eit mangfald av natur og kulturelle godbitar i alle delar av kommunen.

Ei samanslåing av tre kommunar, ulike i storleik og med ein utfordrande geografi kan vera krevjande, sjølv når målet er at samanslåinga skal verta prega av likeverd og rausheit.

Det er viktig å lyfta fram problemstillingane og adressera dei. Uavhengig av storleik er det tre likeverdige partar når det gjeld offentleg ansvar og mynde som her skal slåast saman. Dette gjer at prosjektet sin oppgåveportefølje vil vera nær lik om kommunane er små eller store.

For å skapa ein god prosess er det viktig at den vedtekne rause haldninga får eit innhald. Det er viktig at ingen av kommunane ser på samanslåinga som at nokon skal verta slått saman med dei andre, men at ein saman skal skapa ein heilt ny kommune. Dette gjer at alle kommunane vil sjå annleis ut etter at den nye kommunen er på plass.

Det vil vera både den politiske og den administrative leiinga sitt ansvar å leggja til rette for at intensjonane får eit faktisk innhald og at ein tenkjer framtidige løysingar til det beste for alle.

3 PROSJEKTORGANISERING

3.1 MÅL

Kommunesamanslåinga skal organiserast som eit prosjekt der det overordna målet er at Ullensvang kommune skal vera i drift 1.1.2020.

I tillegg er det mål om at prosessen skal gjennomførast med

- Åpenheit
- Forankring i organisasjonane
- Forankring hjå innbyggjarane
- Oppretthalda normal drift i noverande kommunar.

3.2 RAMMER

Prosjektet er forankra i intensjonsavtalen, inndelingslova, kommunelova, arbeidsmiljølova og hovudavtalen.

Prosjektet skal gjennomførast parallelt med at kommunane skal driftast utan vesentlege ulemper.

Kommunane har allereie avstått ressursar til prosjektorganisasjonen, både økonomisk og tilsette. Dette er ei utvikling som nok vil aksellerera fram mot årsskiftet 2019. Etter som fleire og fleire vil bli engasjert og få sin plass i den nye kommunen vil det kunne oppstå "hol" i dei tre eksisterande organisasjonane.

Som følgje av denne utviklinga vil ei av dei store utfordringane vera å drifta dei tre eksisterande kommunane inn mot årsskiftet 2019 – 2020.

Prosjektet sitt hovudmål er å leggja til rette for at Ullensvang kommune er operativ 1.1.2020. Prosjektet kan leggja til rette for organisatorisk utviklingsarbeid som vil kunne styrka den nye kommunen.


Prosjektet starta våren 2017, og fekk si formelle forankring i inndelingslova etter kongeleg resolusjon hausten 2017.

4 ROLLER OG PRINSIPP FOR ORGANISERING

4.1 ORGANISASJONSKART

For at prosessen med å bygga ny kommune skal opplevast som god, er rolleavklaringa viktig. Det må vera klart kva for oppgåver, ansvar og mynde som vert lagt til dei ulike funksjonane/organa i prosjektorganisasjonen. I starten av prosjektet var det førebuande fellesnemnd som tok ansvaret for dette arbeidet.

Etter kongelig resolusjon er det no fellesnemnda, som vart sett ned av herads- og kommunestyra i møte den 28.08.2017, som har det overordna ansvaret for samanslåinga og leier arbeidet fram mot etablering av Ullensvang kommune. Fellesnemnda skal styra prosessen slik at ein når måla for den nye kommunen slik dei kjem fram i intensjonsavtalen.



(Basert på tilråding frå PSU og vedtak i fellesnemnda skal det vedtekne, overordna organisasjonskartet inn her.)

4.2 POLITISK PROSJEKTORGANISASJON

- Fellesnemnda er prosjekteigar.
- Fellesnemnda arbeider etter og utøver mynde på grunnlag av delegering frå kommune- og heradsstyra.
- Fellesnemnda er eit politisk organ i samsvar med inndelingslova fram til kommunestyret for Ullensvang kommune er konstituert.
- Fellesnemnda består av 19 folkevalde representantar valde av og mellom medlemene i dei tre herads- og kommunestyra; 4 representantar frå Jondal kommune, 6 representantar frå Ullensvang herad og 9 representantar frå Odda kommune. Fellesnemnda vert leia av Roald Aga Haug, ordførar i Odda kommune. Nestleiar er Solfrid Borge, ordførar i Ullensvang herad.
- Det er etablert eit arbeidsutval for fellesnemnda bestående av ordførarane. Fellesnemnda utarbeider delegeringsreglement til arbeidsutvalet.
- Det er etablert eit partssamansett utval bestående av 9 politikarar (3 + 3 + 3) og 6 hovudtillitsvalde (2+2+2). Fellesnemnda utarbeider delegeringsreglement til utvalet. PSU vert leia av Jon Larsgard, ordførar i Jondal kommune. Nestleiar er Roald Aga Haug, ordførar i Odda kommune.
- Fellesnemnda kan etablere politiske og koordinerande arbeidsgrupper.
- Administrasjonen stiller sekretariat- og utgreiingsressursar til rådvelde for fellesnemnda og arbeidsgruppene.
- Prosjektressursar vert stilt til rådvelde for samanslåingsprosessen fram til 2020; fellesnemnd, prosjektleiar, arbeidsutval og partssamansett utval, og vert leia av prosjektleiar. Mellom anna kommunikasjons-/ informasjonsansvarleg, HR-ressurs, sekretariat og økonomiressurs.
- Fellesnemnda har ansvar for å involvere og orientere kommunestyra og partigruppene.
- Fellesnemnda har innstillingsrett til kommunestyret/heradsstyret i dei tre kommunane.

4.3 PROSJEKLEIING OG ADMINISTRATIV PROSJEKTORGANISASJON

Erfaring frå tidlegare kommunesamanslåingar viser at det bør tilsetjast ein prosjektleiar så tidleg som mogleg. Det er ulike måtar å løysa dette på. Nokon legg vekt på kjennskapen til organisasjonane og vel ein av rådmennene til prosjektleiar (t.d. Inderøy, Asker), andre vel ein prosjektleiar for sjølve prosjektet og seinare i prosessen tilset dei rådmann (t.d. Vindafjord), medan andre tilset prosjektleiar som skal verta den nye kommunen sin rådmann (t.d. Sandefjord).

Fellesnemnda vedtok med bakgrunn i dette tidleg å tilsette ein mellombels prosjektleiar. Dette har frå august 2017 vore Ingjerd Astad frå firmaet KS Konsulent.

22. mai 2018 vedtok fellesnemnda å tilsetja Ole-Jørgen Jondahl som prosjektleiar og ny rådmann.

Uansett korleis ein legg opp prosjektleiarrolla gjennom dei ulike fasane i prosjektet, vil rådmennene i kommunane ha ei sentral rolle i gjennomføringa av heile prosjektet. Rådmennene har ansvar for at naudsynt

informasjon og saksutgreiingar er på plass før avgjersler skal takast. Dei skal vidare vera med å definera og tildela oppgåver til arbeidsgruppene, koordinera arbeidet, og leggja til rette for god politisk sakshandsaming.

- Prosjektleder skal leia samanslåingsprosjektet. Prosjektleder og rådmennene i dei tre kommunane utgjer den administrative styringsgruppa i prosjektet. Permanent prosjektleder vil vere på plass frå tidleg haust 2018.
- Prosjektleder har ansvar for å koordinera prosjektet og dei ulike delprosjekta.
- Prosjektleder har innstillingsrett til fellesnemnda, PSU og til dei politiske og koordinerande arbeidsgruppene.
- Prosjektleder rapporterer jamnleg til fellesnemnda.
- Prosjektressursar vert leia av prosjektleder i perioden fram til 2020. Mellom anna kommunikasjons-/ informasjonsansvarleg, HR-ressurs, sekretariat og økonomiressurs.
- Det skal vera eit fast forum for informasjon og drøfting med tillitsvalde og verneombod med heimel i AML og HTA. Storleiken på forumet vil variere etter sak.
- Det er etablert arbeidsgrupper for å sikra kompetente løysingar på ulike fagområde. Arbeidsgruppene skal også ivareta behov for forankring og involvering av organisasjonane. Det er etablert politiske, koordinerte- og administrative arbeidsgrupper der dei politiske rapporterer til fellesnemnda, medan dei koordinerte og administrative gruppene rapporterer til prosjektleder.
- Alle oppgåver/tenesteområda skal vera tildelt ei arbeidsgruppe. Ei arbeidsgruppe kan difor ha fleire oppgåver/ansvarsområde som kan utgreiast til ulik tid.
- Alle arbeidsgruppene skal ha eige mandat og ein leiar som rapporterer til prosjektleder.
- Det er ikkje nødvendigvis dei eksisterande kommunane sin organisatoriske struktur som skal leggja rammene for arbeidsgruppene. Føringane i intensjonsavtalen ligg til grunn, og kompleksiteten i dei ulike teneste-/oppgåveområda må vera styrande for prosjektorganiseringa.
- Ei arbeidsgruppe bør ikkje ha meir enn 4-6 medlemmer, men kan supplerast ved behov. Ei arbeidsgruppe kan også setja ned underutval som kan utgreia spesifikke problemstillingar.
- Arbeidsgrupper som kjem inn på tema som omstilling, administrativ organisering og arbeidsgjevarepolitikk skal ha med ein representantar frå dei tilsette. Dei tillitsvalde må velja sin representant inn i arbeidsgruppa der det skal vera representantar frå dei tillitsvalde.
- Tillitsvalde og vernetenesta si deltaking i andre arbeidsgrupper vert vurdert for kvar gruppe.

4.4 ARBEIDSGRUPPER

I arbeidet med å byggja ny kommune er det mange oppgåver med ulik karakter. Nokre oppgåver vil vera plassert under politisk ansvar og nokre under administrativt ansvar. I tillegg vil nokre oppgåver ha både politiske og administrative element i seg, og desse oppgåvene går under såkalla koordinert ansvar. Ut frå ei slik inndeling av oppgåver, vert arbeidsgruppene fordelt i:

- Politiske arbeidsgrupper
- Koordinerte arbeidsgrupper
- Administrative arbeidsgrupper

Det er eit viktig poeng at delprosjekta ikkje vert for mange. Det vil auka kompleksiteten og gje større behov for koordinering på tvers. Arbeidsgruppene skal utgreia og koma med forlag til løysingar innafor sine mandat.

Arbeidsgruppene skal kunna støtta seg til prosjektorganisasjonen og utgreiingskapasitet i kommunane ved behov. Dette må vera avklara med prosjektleiinga når det gjeld omsynet til omfang, tidsperiode og eventuelt frikjøp.

4.4.1 Politiske arbeidsgrupper

Politiske arbeidsgrupper kan etablerast etter behov og i ulike fasar av prosjektet. Kvar gruppe arbeider på eige mandat, med ein leiar som rapporterer til fellesnemnda etter eit fastsett rapporteringssystem. Moglege tema for politiske arbeidsgrupper kan vera:

- Innbyggjarinvolvering
- Politisk hovudstruktur
- Kultur- og identitetsbygging i kommunesamfunnet
- Symbol; kommunevåpen, ordførarkjede og merkevarebygging
- Førebu kommunevalet 2019
- Utarbeide delegeringsreglement for Ullensvang kommune.
- Utarbeide politisk reglement med prinsipp for godtgjersle for Ullensvang kommune

For tida er følgjande politiske arbeidsgrupper etablert:

- Politisk hovudstruktur og politisk reglement
- Innbyggjarinvolvering i samanslåingsprosjektet
- Kultur og identitet i Ullensvang kommune
- Statlege arbeidsplassar
- Rv. 13 og vegsambandet Odda-Jondal

4.4.2 Koordinerte arbeidsgrupper

Koordinerte arbeidsgrupper kan etablerast etter behov og i ulike fasar av prosjektet. Arbeidsgruppene har både politiske og administrative element knytte til seg. Kvar gruppe arbeider på eige mandat, med ein leiar som rapporterer til fellesnemnda etter eit fastsett rapporteringssystem. Moglege tema for arbeidsgrupper kan vera:

- Kommuneplan
- Næring, samfunn og eigedom
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Eigarskap
- Interkommunalt samarbeid
- Økonomisk politikk og handlingsreglar

For tida er følgjande koordinerte arbeidsgrupper etablert:

- Kommuneplan

- Arbeidsgjevpolitik
- Næring, samfunn og eige
- Økonomisk politik og økonomireglement
- Eigarskap og interkommunalt samarbeid
- Delegeringsreglement

4.4.3 Administrative arbeidsgrupper.

For å sikra ei heilskapleg og samordna utvikling av dei ulike oppgåve- og tenesteområda er det etablert ein struktur med hovudgrupper der desse skal ha fokus på samordning og gevinstrealisering. For å få fram eit godt grunnlag for utvikling kan hovudgruppene opprette undergrupper som kan utgreie spesifikke områder/ problemstillingar. Kvar gruppe arbeider på eige mandat, med ein leiar som rapporterer til prosjektleiaren etter eit fastsett rapporteringssystem.

Overordna mål for arbeidsgruppene :

Yta og sikra gode og effektive tenester til innbyggjarane.
Samordna fag- og tenesteområde.
Finne gode-, innovative og effektive driftsformer.
Fokus på digitale løysingar i alle ledd.

Mogleg hovudstruktur og tema for arbeidsgrupper kan vera

- Arkiv
- IT
- HR / Personal
- Økonomi
- Administrasjon
- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Kultur og idrett
- Teknisk
- ROS og beredskap
- Kultur- og identitetsbygging i ny organisasjon

For tida er følgjande administrative arbeidsgrupper etablert:

- Administrativ organisering, stabsfunksjonar og utv. av organisasjonen
- Oppvekst og utdanning
- Helse og omsorg
- Tekniske tenester, samferdsel, landbruk og miljø
- Kultur og innbyggjarinteraksjon

4.5 PLANAR

Det skal utarbeidast ulike planar for prosjektperioden og for den nye kommunen.

1. Kommuneplan
Det skal utarbeidast ny samfunnsdel til kommuneplanen, og delvis ny/delvis samordning av arealdel.
Dette arbeidet er starta opp i regi av den koordinerte arbeidsgruppe "Kommuneplan". Dette er ei ressurskrevjande oppgåve som vil krevje både administrative og økonomiske ressursar frå dagens tre kommunar.
2. Omstillingsplan
Omstillingsplan er utarbeidd. Planen har vore behandla i PSU og er vedteke av fellesnemnda.
3. Informasjons-/kommunikasjonsplan
Skal rette seg mot tilsette og innbyggjarar. Er utarbeidd av prosjektleiing i dialog med politisk arbeidsutval.
Planen har vore behandla i PSU og er vedteke av fellesnemnda.
4. Gevinstrealiseringsplan
Denne planen kjem som resultat av arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene.
5. Økonomi
Det er utarbeidd budsjett for bruk av prosjektmidlane.
Ullensvang herad har ansvar for rekneskap for prosjektet, og det er frikjøpt administrativ ressurs til dette arbeidet

Vidare må det utarbeidast eit prinsippdokument om dei økonomiske konsekvensane av prosjektet. Her må det lyftast fram eventuell kompensasjon for arbeidsinnsats i prosjektet. Korleis ein skal rekneskapsføre utgifter som ikkje inngår i fellesnemnda si styringslinje, men som ligg i grenselandet til prosjektet sitt arbeid.
Det er utarbeidd prinsipp for frikjøp av tillitsvalde.
Det skal utarbeidast budsjett- og økonomiplan for fyrste driftsår av Ullensvang kommune.
6. Digitaliseringsplan
Det skal utarbeidast plan for digitalisering og framtidige løysingar for IT, arbeidsplattform og arkitektur for organisasjonen og løysingar mot innbyggjarane. Planen skal bygge på den digitaliseringsstrategien som fellesnemnda har vedteke.

5 PRINSIPP FOR - SAMARBEID, SAMHANDLING OG GEVINSTREALISERING FRAM MOT 2020

Fram til den nye kommunen er etablert vil kommunane vera sjølvstendige rettssubjekt med ansvar for drift av tenester til sine innbyggjarar. Prosessen rundt samanslåinga set likevel administrasjonane og tenesteproduksjonen i bevegelse, noko som krev at ein formaliserar samdrifta fram mot samanslåingstidspunktet. Førebels fellesnemnd vedtok prinsipp for samarbeid, samhandling og gevinstrealisering i møte den 30.05.2017.

Seinare har fellesnemnda vedteke ein omstillingsavtale som ma legg føringar for samarbeid og informasjon knytt til ledige stillingar

Det er eit mål at ein så raskt som mogleg startar å harmonisera organisasjonane slik at overgangen vert så lett som mogleg.

Det er også eit mål å kunna ta ut gevinstar før samanslåinga der det er mogleg.

5.1 SAMARBEID

Ei kommunesamanslåing er eit positivt løft for medarbeidarane og det opnar opp for nye moglegheiter til å vurdera eigen organisasjon og til å verta kjent med nye medarbeidarar.

Det er viktig at ein legg til rette for formell og uformell kontakt og samarbeid mellom leiarar og mellom medarbeidarane i kommunane. Dette vil påverka harmoniseringa, og gjera samanslåinga lettare.

Det er eit mål at ein skal drøfta tiltak, driftsomleggingar, innkjøp o.a. med dei andre kommunane før ein set slikt i verk.

Det er viktig å ha eit godt og inkluderande samarbeid med tillitsvalde og ha dei med i arbeidet.

5.2 LEDIGE STILLINGAR

For å leggja til rette for god tenesteproduksjonen samstundes som ein skal samkøyra kommunane, må ein leggja til rette for samarbeid og forpliktingar på tvers av kommunegrensene.

- Kommunane skal særskilt informera kvarandre om ledige stillingsheimlar. Dette skal iflg vedteken omstillingsplan takast opp og drøftast i eit eige omstillingsutval. Dette utvalet skal gje tilråding til den enkelte rådmann før utlysing av ledige stillingar.
- Ein skal vurdera å nytta kompetanse på tvers av kommunane. Slikt samarbeid må formaliserast via regelverket i kommunelova (vertskommune, interkommunalt samarbeid).
- Samarbeidsdokumenta må synleggjera korleis ein tek i vare tenestene i alle dei tre kommunane.
- Dersom ein etter utlysing får søkjarar frå dei andre kommunane vil dei stille på lik linje med eksterne søkjarar.

Personal/HR i kommunane får ansvar for informasjonsflyt og samordning, medan den aktuelle leiaren/leiarane har ansvar for å sikra at samordninga ikkje går utover tenesteproduksjonen i dei andre kommunane. Dette skal dokumentarast i samband med at ein inngår avtale.

Samarbeidsavtalar etter kommunelova skal vedtakast politisk i dei gamle kommunane.

5.3 GEVINSTREALISERING

Fokus på samordning og gevinstrealisering før 2020 vil vera ein naturleg følgje av samanslåingsvedtaka. Det er eit mål å samordna tenestene så snart ein har ein modell og ein organisasjon som er klar til å ta på seg oppgåvene.

Tenester som kommunane i dag kjøper av andre enn kvarandre skal flyttast over så raskt det er organisatorisk og avtalemessig mogleg. Ein må også her halda seg til føringane i kommunelova kva gjeld interkommunalt samarbeid.

Gevinstrealisering må sjåast på i to fasar. I denne innleiande fasen vil gevinsten fyrst og fremst vera fagleg og førebuande, medan det vil vera vanskeleg å oppnå økonomisk gevinst så lenge ein skal drifta tre kommunar og

etablere ein ny. Den økonomiske gevinsten vil koma som følge av samordning etter etableringstidspunktet og kor godt ein har bygd den nye kommunen for å møte framtida.

Digitale løysingar, samarbeid og samkøyring av kompetanse og erfaringar på tvers av kommunane undervegs vil vera særst viktig for å oppnå ei gevinstrealisering i ny kommune.

6 FASAR, FRAMDRIFT OG AKTIVITETAR

Prosjektet vil ha fire hovudfasar. Dei to første fasane er gjennomført våren 2018, medan fase tre vil gå føre seg hausten 2018.

Fellesnemnda kan gjera bindande vedtak om gjennomføring på vegne av den nye kommunen.

1. Prosjektetablering/planlegging
2. Kartlegging
3. Utvikling og gjennomføring
4. Avslutte

6.1 FRAMDRIFTSPLAN

Fase	Tidsrom (frå-til)	Hovudoppgåver i fasen	Dokument/Leveransar
Prosjektetablering	1.5.17- 1.10.17	Førebuande fellesnemnd (FFN) og endeleg fellesnemnd (FN) konstituerast. Styringsdokument, plan og prinsipp utarbeidast i fyrste versjon.	<ul style="list-style-type: none"> • Styringsdokument/ Prosjektplan • Utgagnspunkt for framdriftsplan • Prinsippdokument vert vedteke
Prosjektorganisering Planlegging	1.6.17 – 31.12.17	<p>Avklaring av prosjektorganisering</p> <p>Prosjektorganisasjon med styringsgruppe og arbeidsgrupper vert etablert.</p> <p>Styringsdokument med framdriftsplan vert vedteke i FFN.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Mellombels prosjektleiar tilsett. • Mandat med delegering til prosjektorgan. • Mandat til arbeidsgruppe • Utlysing permanent prosjektleiar
Kartlegging	1.5.17 – 1.8.18	<p>Arbeidsgruppene startar kartlegging av tenestoområda.</p> <p>Kartlegging og gjennomføring av ulike oppgåver vil overlape kvarandre.</p>	Kartleggingsdokument
	Innan 31.12.17	Alle system, avtalar, innkjøpsavtalar og interkommunale samarbeid vert kartlagde	
Utvikle og gjennomføre	13.09.2017	Fellesnemnd konstituerer seg.	<ul style="list-style-type: none"> • Bemanningsplanar med oppgåve/ delegasjonsoversyn. • Nye interne og eksterne avtalar. • Organisasjonskart • Delegeringsreglement
	1.1.18 – 1.8.18	Arbeidsgruppene kjem med framlegg til framtidig organisering av tenestoområda.	
	Innan 1.9.18	Politisk organisering vert vedteke.	
	22.05.2018	Ny rådmann er tilsett.	
	1.1.19 – 1.3.19	Ny administrativ organisering vert vedteke.	
	Innan 1.7.19	<p>Tilsetting av leiargruppe.</p> <p>Nytt delegeringsreglement.</p>	
Avslutte	09.09.2019	Kommuneval	<ul style="list-style-type: none"> • Reglement for nytt kommunestyre • Budsjett og økonomiplan for Ullensvang kommune
	Innan 31.10.2019	<p>FN vert oppløyst og nytt kommunestyre konstituerer seg.</p> <p>Førebu implementering som ikkje kan verta gjennomført før 1.1.2020.</p>	

	1.1.2020	Alle tre kommunane er avslutta og oppgåver og tilsette er overført til Ullensvang kommune.	
--	----------	--	--

6.2 AVGJERDSPUNKT OG MILEPELSPLAN

Milepelsplan må detaljerast og utvidast når ein har fått på plass arbeidsgrupper, samt kartlagt behovet for leveranser i prosjektet.

Milepæl	Dato	Tema	Kriteriet	Avgjerdsorgan
MP1	30.5.17	Førebuaende fellesnemnd	Konstituering	Kommune/heradsstyra
MP2	30.5.17	Styringsdokument med framdriftsplan	Styringsdokument fyrste versjon klart	Førebuaende fellesnemnd
MP3	11.08.17	Mellombels prosjektleiar	Mellombels prosjektleiar på plass	Førebuaende arbeidsutval
MP4	28.08.17	Felles kommunestyremøte	Felles kommunestyremøte med vedtak i dei tre kommunane	Kommune/heradsstyra
MP5	13.09.17	Endeleg fellesnemnd konstituerer seg	Fellesnemnda konstituert og det er valt leiar og nestleiar	Fellesnemnd
MP6	10.10.17	Partssamansett utval (PSU) konstituerer seg	PSU konstituert og det er valt leiar og nestleiar	PSU
MP7	1.11.17 – 1.12.17	Arbeidsgrupper	Alle hovudgrupper er etablert, undergrupper vert etablerte undervegs	Fellesnemnd
MP8	22.05.18	Prosjektleiing/leiar	Tilsett endeleg prosjektleiar	Fellesnemnd
MP9	27.04.18	Omstillingsplan	Plan er vedteke	Fellesnemnda
MP10	01.07.18	Organisasjonsstruktur	Administrativ og politisk organisering vedteke i juni 2018	Fellesnemnd /prosjektleiar?
MP11	1.1.19	Fase 3 er ferdig Arbeidsgrupper legg fram sine tilrådingar	Kartlegging, vegval og struktur klar	
MP12	22.05.18	Prosjektleiar / Rådmann for ny kommune	Rådmann tilsett	Fellesnemnda
MP13	01.08.18	Prosjektleiar / Rådmann for ny kommune startar opp		

MP14	01.10.18	Leiing	Leiargruppa tilsett	Rådmann
MP15	1.1.2020	Ny kommune	Alle område er ferdig utgreidd og etablert.	Nytt kommunestyre

7 PROSJEKTBUDDSJETT

Ullensvang kommune får tilskot til dekking av eingongskostnadar på 30,8 millionar kroner. I tillegg får ein på tidspunktet for samanslåing ein reformstønad på 5,1 millionar kroner. Prosjektet har og fått 4 millionar kroner frå KMD til infrastrukturtiltak, som skal nyttast til digitaliseringstiltak i bygginga av den nye kommunen. Det er også gjeve tilsegn på regionsentertilskot på totalt 5,9 millionar kroner.

Det må søkjast om ytterlegare midlar til ulike utviklingsprosjekt undervegs i prosessen.

Det er 30,8 millionar kroner som skal dekke dei eingongskostnadane ein får i prosessen med å bygge ny kommune. Mykje vil gå med til prosjektorganisering, frikjøp, innkjøpsavtalar med meir

Prosjektbudsjett / økonomiplan vert vedteke i fellesnemnda i møte den 18. oktober 2017, og ser slik ut:

8 OPPDATERINGSLOGG

Ved større endringar i styringsdokumentet som krev godkjenning frå prosjekteigar/fellesnemnda, skal prosjektleiaren oppdatere endringsloggen. Her skal det gjereast greie for kva for endringar som er gjort, kven som har gjort endringane, og kven som har godkjent dei. Som et minimum skal styringsdokumentet oppdaterast i samband med kvar faseovergang.

Versjon	Dato	Endring	Produsent	Godkjent
1	10.5.17	Dokument oppretta	Magnus Steigedal	
2	16.5.17	Dokument sendt førebels fellesnemnd til vedtak 30.5.2017	Rådmennene	
3	15.10.17	Dokument oppdatert til fellesnemndsmøte 18. oktober	Prosjektlear/ rådmenn	
4	15.06.18	Dokument oppdatert til PSU 05.06.18 og 15.06.18	Prosjektlear	Fellesnemnda

9 VEDLEGG

9.1 FELLESNEMND

Fellesnemnd vart vald i felles kommunestyre 28. august 2017 og konstituerte seg sjølv i møte den 13. septmber 2017.

Fellesnemnda er "kommunestyret" i prosessen. Arbeidsoppgåver til nemnda vert regulert både i inndelingslova og i intensjonsavtala:

Fellesnemnd si-funksjonstid er fram til nytt kommunestyre er valt hausten 2019.

Mandat for fellesnemda for Nye Ullensvang kommune

(Vedteke av alle dei tre kommune-/heradsstyra)

1. **Formål**

Fellesnemnda får mandat å førebu kommunesamanslåinga, å sikra nødvendig koordinering/samordning mellom dei tre kommunane i perioden frå felles kommunestyremøtet for dei tre kommunane er helde og fellesnemda formelt vert skipa. Fram til konstituerande møte er helde av det nyvalde kommunestyre.

2. **Fellesnemda si samansetjing**

Fellesnemda skal ha fylgjande samansetjing, alle representantane valde får dei respektive herads-/kommunestyra:

- 4 representantar frå Jondal
- 6 representantar frå Ullensvang
- 9 representantar frå Odda

Det gir ei fellesnemnd med 19 representantar. Nemda vel sjølv leiar og nestleiar (jfr. Inndelingslova §26).

3. **Fellesnemda sine fullmakter**

Fellesnemnda har som mål å oppnå konsensus i alle avgjerder/vedtak. Ved usemje skal fellesnemnda vurderer om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. Forhold som likevel vurderast til ikkje å kunna utsetjast, vert avgjort med alminneleg/vanleg fleirtal. Nemda sin leiar (møteleiar) har dobbeltrøyst ved likt røystetal.

Fellesnemda skal i opne møte planleggja og førebu iverksetjinga av samanslåinga fram til konstituering av nytt kommunestyre i nye Ullensvang kommune. Herunder ligg ikkje styringa av den daglege drifta av dei tre kommunane fram til samanslåingstidspunktet. Det ligg til dei respektive herads/kommunestyra.

Fellesnemda har ansvaret for å sikra at kommunane i fellesskap legg til rette for god dialog med innbyggjarar, tilsette, næringsliv, lag- og organisasjonar om kva samanslåinga har å seia for dei.

Dette inneber at fellesnemda:

- a. Gjennomgår, vurderer og avklarar alle prinsipielle tilhøve som gjeld samanslåingsprosessen. Videre kan fellesnemda fatte vedtak i alle spørsmål som er naudsynt for å etablera den nye kommunen med mindre dette påverkar ein eller fleire av dei eksisterande kommunane. Nemda disponerar eingongstilskotet og reformstøtta frå Staten i samband med kommunesamanslåinga.
- b. Kan inngå avtalar på vegne av den nye kommunen.
- c. Skal handsama sentrale styringsdokument som:

Prosjektplan med framdriftsplan

Budsjett for bruk av eingongstilskotet på 30 millionar fram til 01.01.2020.
Økonomiplan for sjølve gjennomføringa
Omstillingsplaner og planar for overføring av personell
Kommunikasjonsplan (omfattar både internt og eksternt)
Planar for kulturbygging og sosiale aktivitetar
Eventuelt andre dokument som vil vera nødvendige for ansvarleg styring av prosessen

- d. Tek avgjerd i val av hovedmodell for den politiske organiseringa av den nye kommunen. Herunder reglement for dei nye politiske organa, reglement og arbeidsvilkår for dei folkevalde i kommunane.
- e. Skal handsama prosjektleiar si innstilling til hovedmodell for administrativ organisering av den nye kommunen frå 1. januar 2020.
- f. Vedtek kommunevåpen for den nye kommunen.
- g. Har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske konsekvensar, å førebu budsjett for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk (år 2020). Økonomiplan for den fyrste økonomiplanperioden (år 2020-2023).
- h. Kan gje uttale om årsbudsjett samt økonomi- og handlingsplanar for dei tre kommunane.
- i. Skal tilsetja prosjektleiar / rådmann i den nye kommunen, ut frå tilråding frå partssamansett utval.
- j. Skal avklara mynde til prosjektleiar / rådmann i den nye kommunen.
- k. Tek stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane, og tilset revisor for den nye kommunen.
- l. Skal sjå til at lov og avtaleverk om tilsette og tillitsvalde sin medverknad vert ivaretekne i samanslåingsprosessen.

4. Forholdet til herads/kommunestyra

Kommunane har i perioden fram til 1. januar 2020 ansvar for si ordinære drift, men spørsmål som kan ha konsekvensar for den nye kommunen bør fyrst drøftast i fellesnemnda.

Saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval og som fellesnemnda meiner kan ha konsekvensar for sammenslåingsprosessen, har fellesnemnda høve til å uttala seg i.

Saker som vedkjem samanslåingsprosessen som er av ein slik art at dei må handsamanst i ein eller fleire herads-/kommunestyra, har fellesnemnda tilrådningsrett overfor herads-/kommunestyra. Dette gjeld særleg tiltak knytta til handlingsprogram/økonomiplan, der investeringar må vurderast særskilt.

5. Arbeidsutval

Det kan setjast ned eit arbeidsutval for fellesnemnda. Arbeidsutvalet bør ha innstillingsmynde til nemnda. Det midlertidige arbeidsutvalet held fram sitt arbeid inntil fyrste fellesnemndsmøte.

6. Partssamansett utvalg

Partssamansett utval underlagt fellesnemnda skal ha tre politisk valde representantar frå kvar kommune, vald frå medlemmene i fellesnemnda, samt to tillitsvalde frå kvar kommune.

Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Utvalet skal uttala seg i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga.

Partssamansett utval skal handsama prosessen for tilsetjing av prosjektleiar og ny rådmann. Tillitsvalde skal inkludertast på ein god måte.

7. Delegering

Fellesnemda kan gje arbeidsutvalet og/eller administrasjonen fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

8. Saksførebuing

Prosjektleiar / ny rådmann førebur saker til fellesnemda sitt arbeidsutval.

Arbeidsutvalet innstiller i saker til fellesnemda.

Rådmennene i dei tre kommunane og prosjektleiar har møte- og talerett i fellesnemda.

9. Funksjonsperiode

Fellesnemda konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

Fellesnemda sin funksjonsperiode varer fram til konstituering av kommunestyret i nye Ullensvang kommune.

Leiaren av fellesnemda kallar saman det nyvalde kommunestyret til konstituerande møte.

Leiaren av fellesnemda leier møtet fram til ny ordførar er vald.

10. Interkommunalt samarbeid

Fellesnemda kan fremja innstilling overfor kommunestyra om det er behov for å gjera endringar i interkommunale samarbeid fram mot samanslåingstidspunktet.

9.2 DELEGERING

9.2.1 Delegering til fellesnemnda sin leiar

Vedtatt av Fellesnemnd 13.09.2017

1. Leiaren av fellesnemnda er rettsleg representant for den nye kommunen og underskriv på denne sin vegne i alle tilfelle der mynde ikkje er tildelt andre.
2. Leiaren av fellesnemnda er representanten til den nye kommunen i dei tilfella der annan person ikkje er særskilt vald. Leiaren av fellesnemnda har rett til å gje andre mynde til å delta og til å representera.
3. Leiaren av fellesnemnda kan løyva offentlege gåver og merksemd knytt opp til den nye kommunen for inntil kr 1 000,- i kvart enkelt tilfelle.

9.2.2 Delegering til prosjektleiar (mellombels)

Vedtatt av fellesnemnd 13.09.2017

1. Mellombels prosjektleiar innstiller i alle saker til arbeidsutval og partssamansett utval.
2. Mellombels prosjektleiar har ansvar for at alle saker som vert lagt fram, er forsvarleg greidd ut, og har ansvar for at vedtak vert sett i verk.
3. Mellombels prosjektleiar har ansvar for koordinering av politiske og administrative prosessar og sørgjer for at det fattast vedtak som sikrar naudsynt framdrift for etableringa av den nye kommunen.
4. Mellombels prosjektleiar vert gjeve mynde til å ta avgjerder i saker som ikkje er av prinsipiell art og der slik mynde ikkje er tildelt andre.

5. Mellombels prosjektleiar har innkjøps- og ansvarsmynde innan budsjettet til fellesnemnda i samsvar med vedtekne prioriteringar, og mynde til å anta tilbod/anbod dersom slik mynde ikkje er lagt til andre nemnder eller organ og dessutan å inngå kontraktar for arbeid og leveransar.

9.2.3 Retningslinjer for bruk av delegert mynde

Vedtatt av fellesnemnd 13.09.2017

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer gjeve av overordna organ, og i samsvar med dei saksarbeidsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk.

Delegert mynde skal utøvast innanfor dei plan- og budsjетtrammer som er vedteke av fellesnemnda.

9.3 HOVDARBEIDSGRUPPER – OVERSIKT OG STRUKTUR

Her følgjer ein oversikt over hovudarbeidsgruppene.

Politiske grupper

- Politisk hovudstruktur og politisk reglement, leiar Elin Eide Brattabø, Høgre, Jondal kommune
- Innbyggjarinvolvering i samanslåingsprosjektet, leiar Marit Backer-Owe, KrF, Odda kommune
- Kultur og identitet i Ullensvang kommune, kontaktpers. Anna Maria Kråkevik, Høgre, Odda kommune
- Statlege arbeidsplassar, leiar Terje Kollbotn, Rødt, Odda kommune
- Rv. 13 og vegsambandet Odda-Jondal, leiar Olav Magnus Hammer, Ap, Jondal kommune

Koordinerte grupper

- Kommuneplan, leiar Eivind Tokheim, V, Odda kommune
- Arbeidsgjevarpolitikk, kontaktpers. Eivind Gregersen, ADM, Ullensvang herad
- Næring, samfunn og eigedom, leiar Trygve Bolstad, Ap, Odda kommune
- Økonomisk politikk og økonomireglement, leiar Anne Erdal, ADM, Ullensvang herad
- Eigarskap og interkommunalt samarbeid, Olav B. Hus, Sp, Ullensvang herad
- Delegeringsreglement, leiar Finn Kristoffersen, Ap, Odda kommune

Administrative grupper

- Administrativ organisering, stabsfunksjonar og utv. av organisasjonen
- Oppvekst og utdanning, leiar Inger Sekse, ADM, Ullensvang herad
- Helse og omsorg, leiar Anne Lise Naasen, ADM, Odda kommune
- Tekniske tenester, samferdsel, landbruk og miljø, leiar Anton Langeland, ADM, Odda kommune
- Kultur og innbyggjarinteraksjon, leiar Arnved Soldal Lund, ADM, Jondal kommune